Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Transport av høy

Oppskr. av: Konr. Murnsell

(adresse): By i Åfjord

Fylke: Sør-Trøndelag

Herad: Åfjord

Bygdelag: Sørdalen

Gard: Murnsell

G.nr. 42 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Om transport av høy er å sei at det har ikkje føregått nån serlig forandring her i bygda i manns minne.

På mindre gardar og husmannsplassa brukte dem å bera sitt høye, enten i fang eller på to stenger med ein tre-fire tverrtre imell.

For ein 40 år sia da eg var gutungen, var det drevi mykje med markaslått. Som ein raritet kan nemnast at med eg var berre reivebarnet og vel så det, og ingen å få tala på til å vera heime hos meg, bar far og mor meg til skiftes når dei skulle åt markja på slått. Der satt eg ved ein bekk, fortel mor, og leika, mens dem slo og høya. For å vera trygg for ormen hadde far sprøytta stalltobakks-spytt i ein ring rundt der eg satt eller låg.

No er det omlag 25 år sia

2284

folk her oppe - stort sett - slut-
ta med markaföring. Likevel kan
det hende at ein og annan „små-
brukskar" slær seg eit lass ellesto
no og, ifall det er bra med gras
og godt ver.

Orsaka til dette kraftige um-
slaget - slutt frå markamyra og
kulturen inn i marka - var skjell-
sanden frå Lysöya i Jössund.
Det synte seg at når jorda fekk
kalk noko, vart ho mange gangar
meir gródrik enn för - - .

Markahöyet kjört dei heim
om vinteren. Da var det heller
ikkje så vanskelig for dei „hestlau-
se" og få lok i hest og höyekar.
Elles hadde far min - og fleire
med han - laga seg „dragarkjälkji";
ein nokså stor, sledeliknande
kjelke med smalare material i
og med lette skjaker for. Det var
utrulig kor lass ein kunne få
med på ein slik ein.

Til stakken og höyløa bruk-
te ein som oftast å bera höyet
i kippeband el. tang, mest det
förste. Dei som hadde större slåtter,
hadde tildels hest med seg og bruk-
te höyslede utan hjul og fraktå
höyet på. Å bera gras på slae el.
toppe er ukjent på desse kantar.

Kippeband laga ein på fyl-
gjande måte: Ein skar seg ei

2284

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sültbjörk og ei enkeltstamma björka, begge relativt små sjölvagt: Så vaci ein strulendane og batt ihop. Når böra var lagt i, stakk ein tjulekanden övst i sula i andre enden og drog åt.



Kjepplband

Höyböra vart bori på den måten at bæraren hadde tangendane eller kjepplandstakken over hauå". Han måtte ha hjälp for å få böra på seg. Han som hjälpte til, stod bestandig attom böra. Sönidt og veit var ikkje bomma med på dette. Snarstekk, sodde og löyppestang har ikkje vorri brukt under höyfrakting her. Attkomsten til fjellslåttane er ikkje sånn så - - -. Like-eins er höytang som transportmiddel og slae ukjente omgrep her. Trillebåre er brukt både til å frakte inn höy med og til å trilla gras attåt krötra med.
Ein legg tre stänra frå midten av bårflakinga, over hjulhornet og fram over tjulebora tre brukes til höyfrakting



Markahöye kjört dem heim på vinterföre. Vart det ufös vinter, kunne det hende at stakkan vart

2284

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ståande om, eller at høyet vart liggjande i bua til neste vinter. Såg det derimot ut til at det begynte å bli knapt på lemmaan, og vårknipa tok til å gnia mot ein, vart det gjort ålvor av å få heim markahøye. Fleire bønder slo seg i-lag, høytte og fekk på veg.

Transporten av høy i bygda mi sommars dag føregår for det meste på høybil, ei slags to-hjula langvogn utan fjøri og med grinna på. Hjula har til vanleg eit tvermål på 50 cm. Om denne kjøredoninga brukes ikkje ordet sleda.



Grinkassin: 2,4 m. l, 1,35 m. br. og 0,95 m. h.

Skjulsleden har meier frå ende til annan med på same tid små hjul på midten. Da mor, som no er nøyen 88 år, var ung, brukte folk denne typen. Den var utstyrt med massive trehjul — 35 cm. diam. Skoning av meian måtte vere gjord nøgda.



Til kornkjøring brukte ein den sømme kjøredoninga. Når ein lesste høy, tannga ein det med atteved grinnan, og la ein baug på, gjorde ein det fast med tau eller reip.

2284

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Som vanleg takst rekna dei at det går to sommarlass på eit vinterlass. Når så eit sommar-lass er takseret i fire børe, blei altså eit vinterlass på 8–9. Ein brukte aldri meir enn ein hest for lasset om sommaren. Ved fellesslått både kjørt og bar dei sundt høye. Høystakken var som oftast på eitt vinterlass.

Transporten av markafor, som no mest er gått over i historia, føregjekk på det vi kallar langsleden. Ein la lange kvista av bjørk eller rogn på sidan og oppå lasse for å halda det saman.

Heile kjøredagen arta seg som ein „dundag".

2284

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING